

**Til stades:** Per Øyvind Tveiten - leiar, Camilla Granlien - nestleiar  
Helene M. Bolstad - nestleiar, Thor Hauknes, Hilde Reitan  
(fram til sak 44), Olav I. Mjelva,  
  
Gro Marie Svidal – 1.vara (fram til sak 47)  
  
Dagleg leiar Linda Dyrnes, Ingrid Stuhaug – dei tilsettes  
representant, Øyvind Sandum under sak 40, Audun Stokke  
Hole under sak 41, Olaug Furusæter under sak 47 og Anbjørg  
Myhra Bergwitz under sakene 44, 47 og 48.

**Tid:** Måndag 26.september kl.10-17

**Stad:** Schous

## Sakliste

- Styresak 2016/37 Innkalling og sakliste
- Styresak 2016/38 Orienterings-, drøfting- og referatsaker
- Styresak 2016/39 Årets folkemusikkarrangør
- Styresak 2016/40 Landsmøte 2017 – planlegging
- Styresak 2016/41 Digitalisering av Spelemannsbladet
- Styresak 2016/42 Kulturpolitisk plattform
- Styresak 2016/43 Plan for styremøte 2016/05
- Styresak 2016/44 Evaluering av LK og LF 2016
- Styresak 2016/45 Innspel frå Oppdal og Sjøk om tevlingsreglement
- Styresak 2016/46 Samarbeid med Sami Music Award
- Styresak 2016/47 Problemstillingar kring TONO og tradisjonsmusikk.
- Styresak 2016/48 FolkCd.no
- Styresak 2016/49 Eventuelt

## Styresak 2016/37 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjend.

## Styresak 2016/38 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

### a) Driftsrapport per 16.september

- a. Rådgeving/opplæring/service – oppsummering
  - i. Omlag halvparten av områdelaga har fått tilgang til Styreweb.
  - ii. Vi har gitt tilbod om rådgeving i å søke momskompensasjon. Vi har sendt inn søknad om momskompensasjon til Lotteri- og stiftelsestilsynet.
  - iii. Vi har fått kr 100 000 meir i Frifond enn i fjor, det skal delast ut til laga att.
- b. Formidling og arrangement – oppsummering:
  - i. Landsfestival i gammaldansmusikk og Landskappleik:
    - 1. Årets arrangement er avvikla med stor suksess
    - 2. Har vore på møte med LK 2017 på Røros.
    - 3. Lyst ut LK og LF 2019 med frist i desember
    - 4. Arbeider med nye nettsider til LK og LF.
    - 5. Lagt ut spørjeundersøking om poengskala, rangering og munnlege kommentarar til juniorar på nettsida, sosiale media og sendt på e-post til medlemmar.
  - ii. Folkelarm
    - 1. Vi arbeider med å invitere internasjonale delegatar
    - 2. Showcaseartistane er klare
    - 3. Folkelarmprisjuryen er godt i gong med arbeidet sitt. Vi har fått heile 87 utgjevingar tilsendt.
    - 4. Ny nettside for Folkelarm er på plass.
    - 5. Vi nærmar oss å vere ferdig med programmet.
    - 6. Sal av billetter og delegatpass opnar snart.
    - 7. Vi har hatt ei rekkje møte med samarbeidspartar.
    - 8. Vi har vore internasjonal delegat på FolkSpot under Tønderfestivalen, der vi knytte gode kontaktar internasjonalt.
    - 9. Vi har fått kr 75000 i tilskot til seminarprogram frå Norsk kulturråd.
  - iii. Meisterkonseren
    - 1. Avklara kven som skal vere med på konserten
    - 2. Planlegginga er godt i gong med eigen produsent Silje Onstad Hålien og NRK.

3. Vi har invitert diverse gjester til konserten,
4. Vi har reklamert for konserten og sendt pressemeldingar.
- iv. Introfolk
  1. Turneen til vinnarane er i gong.
  2. Vi fekk avslag på søknad om tilskot til ny runde med INTROfolk.
- c. Informasjon og opplysning – oppsummering:
  - i. Vore på frukostseminar med Meltwater
  - ii. Folkemusikk 3/2016 er lansert.
  - iii. Arbeidet med Folkemusikk 4/2016 er godt i gong.
  - iv. Vi har ei prøveordning med å sette ut annonsesalet til Folkemusikk.
  - v. Vi har hatt fotoutstilling med historiske bilete får LK og LF under både LK og LF i sommar, og blir også vist på Vestlandskappleiken i Bergen og Folkelarm.
  - vi. Planlegg ei vervekampanje for 2017.
  - vii. Redaksjonsråd for Folkemusikk 2017 snart på plass.
- d. Påverknad/samarbeid – oppsummering:
  - i. Vi har vore på ei rekke møte med samarbeidande organisasjonar.
  - ii. Vi har sendt høyrings svar på ny åndsverklov.
  - iii. Vi har vore med å stifta Kulturalliansen.
  - iv. Er med i ressursgruppe i Frivillighet Norge om frivillig.no.
  - v. Var med i paneldebatt under Klassisk sitt årsmøte, der temaet var showcasefestivalar.
  - vi. Vore på innspelsmøte om frivillighetspolitikk i regi av AP på Stortinget. .
  - vii. Deltok på Arendalsuka med stand og debatt i samarbeid med Norsk Jazzforum og Norske Konsertarrangører. Folkemusikkmiljøet i Setesdal bidro på stand. Det var positivt.
  - viii. AU og dagleg leiar var med på Frivillighetens spørretime, der vi hadde speedmøte med tre ulike stortingspolitikarar.
  - ix. Har vore i møte med Spellemann for å drøfte planane deira framover.
  - x. Vi har hatt møte med NRK om eit samarbeid kring det nye folkemusikkarkivet der.
  - xi. Vi har vore på møte i Arrangørforum for å drøfte kva utfordringar arrangørane står i for tida. Norsk kulturråd var godt representert.
  - xii. Har vore på Norsk Musikkråds Supperåd der Bård Vegar Solhjell ga tips om politisk påverknadsarbeid.

- xiii. Har vore i møte med Norsk Kulturråd saman med Terje Foshaug frå Folkemusikk Nord og Johan Einar Bjerkem i Midt-Norsk senter for folkemusikk og folkedans. Tema var framtida til regionale senter for musikk.
- xiv. Hatt generalforsamling i Nordisk folkemusikkomité. Linda Dyrnes vart attvald som styreleiar.

**e. Særskilde satsingar**

- i. Rekruttering innan folkemusikk og folkedans
  - 1. Vi har sendt søknad om tilskot til eit rekrutteringsprosjekt til Sparebankstiftinga. Den er til handsaming der no.
- ii. **Folkedans:**
  - 1. Arbeidet med "Prosjektskisse for ungdomskompani i folkedans – mogleg Talen Norge Prosjekt" er i gong i samarbeid med Norsk senter for folkemusikk og folkedans og Noregs Ungdomslag.
- iii. Formidling og informasjon
  - 1. INTROfolk: har fått tilskot til plateinnspeling, plata er ferdit. Turneen er i gong. Vi har søkt Rikskonsertane om skolekonsertturné

**b) Rekneskap per august**

**c) Referat frå Au\_møte 2016/02**

Vedtak: Styret tek orienterings- og referatsakene til orientering med desse merknadene:

**a) Driftsrapport:**

- a. Vi sliter med punkta i særskilde satsingar i høve å utarbeide undervisningsmateriell og det å påverke skuleverket. Vi er kanskje ikkje rigga på rett måte til å gjere dette? Vi må drøfte det i arbeidet med revidering av langtidsplan med særskilde satsingar.

**Styresak 2016/39 Årets folkemusikkarrangør**

Vedtak: Desse vert nominert til prisen Årets folkemusikkarrangør (i alfabetisk rekkefølje):

- 1. Folkemusikkveka
- 2. TrondheimFOLK
- 3. Valdres folkemusikkarrangement AS.

### **Styresak 2016/40 Landsmøte 2017 – planlegging**

Vedtak:

1. Landsmøtet vert arrangert 28.-30.april 2017
2. Vi legg opp til ein politikardebatt der vi inviterer kulturministeren, samt leiarane av dei andre partia, alternativt kulturpolitiske talspersonar i dei andre partia.
3. Landsmøtet vert lagt til eit av konferansehotella i Stor-Oslo. Administrasjonen får fullmakt til å hente inn prisar og bestille hotell.
4. Styret set ned ein landsmøtekomité som består av AU og dagleg leiar.

### **Styresak 2016/41 Digitalisering av Spelemannsbladet**

Vedtak:

FolkOrg skriv forslag til ei avtale med Agder Folkemusikkarkiv, der

- Agder Folkemusikkarkiv får einerett til visning på nett av Spelemannsbladet i fem år. Deretter blir visningsretten ført tilbake til eigar FolkOrg. Viss Agder eller FolkOrg ønskjer det, kan det forhandlast om ei forlenging av visningsretten Agder har fått.
- Årgangane fram tom nr 3 2014 digitaliserast.
- Agder Folkemusikkarkiv har alle utgifter fram til den endelege visninga av blada, inkludert utgifter om det viser seg at opphavsrett må avklarast med dei einskilde opphavsmennene.
- Alle relevante spørsmål kring opphavsrett skal vere grundig gjennomgått av ein eller fleire juristar, og i arbeidet sitt skal Agder etterkomme konklusjonane til juristane.

### **Styresak 2016/42 Kulturpolitisk plattform**

Vedtak:

Framlegg til kulturpolitisk plattform vert vedteke med desse merknadene:

- Vi tek bort steva frå dokumentet.
- Vi ser nærare på avsnittet om styrking av folkeopplysninga om folkemusikk og – dans. Vi skal ha møte med Noregs Ungdomslag om Folkepedia/Folkipedia, og drøfte det med dei. Vi bør dessutan

*operasjonalisere på kva måte vi skal arbeide for å få meir kunnskap om folkemusikk og folkedans hos den vanlege innbyggjar..*

**Styresak 2016/43 Plan for styremøte 2016/05**

Vedtak:

- a) Vi legg styremøte 2016/05 13.-14. desember til Skifer Hotell Oppdal.
- b) Hovudsakene på møtet vert:
  - Langtidsplan med særskilde satsingar
  - Budsjett
  - Landsmøtedebatt
  - Vedtektsendringar
  - Kappleiksreglement

**Styresak 2016/44 Evaluering av LK og LF 2016**

Styret gikk gjennom rapport og drøfta årets arrangement. Ingen vedtak.

**Styresak 2016/45 Innspel frå Oppdal og Sjøk om tevlingsreglement**

Vedtak:

- a) Styret i FolkOrg avslår søknaden til arrangørane av Landsfestivalen i gammaldansmusikk om ikkje å avvikle finalespel i solo-klassane på festivalen i 2017 og 2018.
- b) Styret i FolkOrg er positive til å byrje tevlingane onsdag, dersom det er nødvendig for å få gjennomføre alle tevlingane på ein arena.

**Styresak 2016/46 Samarbeid med Sami Music Award**

Vedtak: FolkOrg inngår eit samarbeid med Sami Music Award og bidreg med ein person i juryen i kategorien Tradisjonsberar.

**Styresak 2016/47 Problemstillingar kring TONO og tradisjonsmusikk.**

Vedtak: Vi sett ned ei arbeidsgruppe på tre personar som skal sjå nærare på om denne problemstillinga er noko vi skal arbeide vidare med.

Mandat for gruppa: Det går mykje pengar frå folkemusikkarrangement inn til TONO-potten utan at det går tilbake att til folkemusikarar. FolkOrg ønskjer at arbeidsgruppa skal gjere ein forundersøking for å sjå om det er basis for å arbeide for eit betre fordeling av desse midla, slik at det kan løne seg å spille tradisjonsmusikk også. Arbeidsgruppa må finne ut om tradisjonsframføringar blir registrert på ein annan og betre måte i andre land, som til dømes Irland og dei nordiske landa.

Arbeidet skal slutførast innan 10.mars 2017.

Vi spør kandidatar til å sitte i gruppa ut frå ei liste med framlegg til namn.

#### **Styresak 2016/48 FolkCd.no**

Vedtak:

1. Vi søker tilskot til å gje ut folkcd.no i 2018
2. Målet for utgjevinga av FolkCd.no er å marknadsføre eksportklare folkemusikarar og folkedansarar.
3. Kriteria for å vere med er norsk og samisk folkemusikk og folkedans av høg kvalitet av utøvarar som er klare for eksport. I tillegg kjem kriteria som står i juryinstruksen frå 2015.
4. Danseførestillingar skal også vere med, på kva plattform vi presenterer dei på, kjem vi nærare tilbake til
5. Juryen blir sett ned i 2017.

#### **Styresak 2016/49 Eventuelt**

Camilla ønskjer å følge opp NRK sin bruk av norsk og lokal musikk etter omlegginga.